

Lindås Kommune
Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Sakshandsamar: Hanne Marie Utvær
Telefon: 91102779
Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon
Vår referanse: 15/11303
Dykkar referanse:
Vår dato: 18.09.2015
Dykkar dato: 01.09.2015

Att:

UTTALE TIL SØKNAD OM TESTING AV RIGGER - GULEN OG LINDÅS KOMMUNER SOGN OG FJORDANE OG HORDALAND

Vi viser til motteke brev om ovannemnte sak.

Om søknaden

Saka gjeld søknad om testing av 4 riggar i Fensfjorden. (Desse 4 riggane har tidlegare vore vurdert i høve til testing i Brandangersundet).

Det vert søkt om å legge ut 12 ankrar, for ei periode på inntil 18 månader, som skal nyttas til testing av dei 4 riggane som etter planen vil kome til området høvesvis i september/ oktober 2015, oktober/ november 2015, februar/ mars 2016 og mars/ april 2016.

Kvar rigg er rekna til å ha ei liggetid/ testperiode i desse fortøyingane på omlag ei veke.

Fiskeri- og akvakulturinteresser

I område riggane og fortøyingane er planlagt er det ingen registrerte fiskeområder, men i Haugdalsosen (i Gulen og Masfjorden kommunar), har Havforskningsinstituttet registrert eit regionalt viktig gytefelt for kysttorsk. Vi føreset at tiltaket ikkje vil gje negative effektar på gyteområdet, torsken gyt i perioden frå februar til april og tiltakshavar må vere oppmerksam på dette.

Ved Langøyna (Lindås kommune), ligg det ei akvakulturanlegg, lokalitet 26295 Langøy. Det er viktig at innehavar her, Eide Fjordbruk AS, vert kontakta før tiltaket vert godkjent.

Sogn og Fjordane Fiskarlag er høyrde i saka og dei har ikkje merknadar i høve til fiskeriaktiviteten i området.

Konklusjon:

Fiskeridirektoratet region vest forventar at våre merknadar om gyteområdet i Haugdalsosen og om akvakulturanlegg ved Langøyna, vert tekne til etterretning ved vidare handsaming av søknaden.

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift

Med helsing

Ola Midttun.
seniorrådgjevar

Hanne Marie Utvær
rådgjevar

Mottakarliste:

Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Gulen Kommune		5966	EIVINDVIK
Lindås Kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ

Kopi til:

Sogn og Fjordane Fiskarlag	Postboks 173	6701	MÅLØY
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Miljøvernavdelingen	6863	LEIKANGER